

Dei driftige kvinner og menn bak Festidalen har som målsetting å gjera festivalen dobbelt så stor, med eit rikkhaldig program både torsdag, fredag og laurdag

Allereie no i påska startar oppvarminga med påskefesten på Dønhaug og første helga i mai kjem skicampen Combo som vi har presentert for få dagar sidan.

Når det vert alvor i månadsskiftet juli--august er målsettingen å fylla alle arenaer med kulturelle aktørar 3 dagar til ende

Stikkordmessig vert det mellom anna grafittkurs med Gaute Haugland, skriveverkstad med Mona Vetrhus, dansarar frå Stavanger, musikkseminar med nasjonale toppar og friluftskonsert på Låganåso (laurdag).

Men det stoppar på ingen måte der og ekstrainnslaga har typisk nok overskrifta FESTIDAGEN.

Festivalleinga har fått mange positive reaksjonar etter det svært positive arrangementet ifjor og interessen er aukande, mellom anna på Haugalandet.

Eit best mogeleg samspel mellom kulturen og næringslivet er ein av knaggane. Sponsorane skal ikkje berre bla opp pengar, dei skal også yta noko meir.

I opplegget inngår og ein festivalcamp med gode fasilitetar.

Av Ola Matti Mathisen